



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
27/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
21/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		21/1226

JUSTERT FRAMLEGG TIL KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SAKER OM MOTORFERDSLE I UTMARK I VAKSDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Justert framlegg til lokale retningslinjer for handsaming av motorferdslesaker i utmark

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vedtek nytt, justert framlegg til kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark, slik som det ligg føre frå Kommunedirektøren. Framlegget går fram av vedlegg til saka.

Vedtekne retningslinjer skal liggje til grunn for kommunen si handsaming av motorferdslesaker.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 27/2022

FPØ - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vedtek nytt, justert framlegg til kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark, slik som det ligg føre frå Kommunedirektøren. Framlegget går fram av vedlegg til saka.

Vedtekne retningslinjer skal liggje til grunn for kommunen si handsaming av motorferdslesaker.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Kommunestyret handsama kommunedirektøren sitt framlegget til retningsliner for handsaming av motorferdslesaker på møtet av 26.10.21.

Etter avrøysting vart det fatta vedtak om å utsetje saka, inntil administrasjonen tydeleggjere innhald og formuleringar, mellom anna knytt til persontransport og transportbehov ved funksjonshemming.

Justert framlegg til retningsliner vert no lagt fram til ny, politisk handsaming.

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommune har ansvar for å handsame søknadar om motorferdsle i utmark etter motorferdslelova og tilhøyrande forskrift.

I følgje motorferdslelova § 5 og forskrifta om bruk av motorkjøretøy i utmark § 3 m.fl., kan kommunen fastsetje lokale retningsliner for handsaming av søknadar om motorferdsle i utmark.

Kommunestyret handsama Kommunedirektøren sitt framlegg til kommunale retningsliner på møtet av 26.10.21. Formannskapet handsama framlegget den 15.10.21.

Kommunestyret fatta følgjande vedtak etter avrøysing:

- «Saka vert utsett og Kommunedirektør kjem attende med ny sak innan rimelig tid».

Kommunedirektøren legg no fram nytt, justert framlegg til politisk handsaming.

Formelt grunnlag:

- «Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven)».
- «Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag».

Vurdering og konsekvensar:

Endringane i det nye framlegget er først og fremst knytt til innhaldet om persontransport og transportbehov ved funksjonshemming, jf. punkt 3.9 og 3.10.

Bakgrunnen for presiseringane av desse punkta, tek utgangspunkt i spørsmål om innhaldet si tyding, og grunnlaget for å mistyde ordlyden.

Innhaldet er no presisert og tydeleggjort i høve til lovverket sine rammer og kommunen sin intensjon ved handsaming av motorferdslesaker. Dette inneber klarare formuleringar kring;

- *persontransport, kombinert med vare-/utstyrstransport.*
- *funksjons-/rørslehemma si særstilling når det gjeld transportbehov.*

Siste kjøredag for snøskuter om vinteren/våren, er endra frå 20. april til 25. april. Denne datoen samsvarer med siste kjøredag i Voss herad.

I tillegg til dei nemnde forhold, er skrive- og formuleringsfeil retta opp. Her er det gjort enkelte endringar i skrivemåte, utan av dette endrar innhaldet si tyding. Nærare utdjujingar går fram av

saksutgreiinga til kommunestyremøtet den 26.10.21.

Det justerte framlegget til retningsliner vert no lagt fram til endeleg handsaming og vedtak.